

Rettleiing skjema 35A Energibruk i utvalde kommunale føremålsbygg

Omrekningsfaktorar for omrekning til kWh (oppgåvegivar kan bruke egne faktorar dersom oppgåvegivar meiner at egne faktorar er sikrare)

Energivare	Eining	Omrekna til kWh
Fyringsolje	1 liter	10,056 kWh
Fyringsolje	1 kg	11,972 kWh
Fyringsparafin	1 liter	9,694 kWh
Fyringsparafin	1 kg	11,972 kWh
Naturgass, i gassform	1 Sm ³	9,92 kWh
Naturgass, flytande (LNG)	1 kg	12,5 kWh
LPG (propan og butan)	1 liter	6,778 kWh
LPG (propan og butan)	1kg	12,815 kWh
Pellets	1 kg	4,8 kWh
Flis	1 kg	4,3 kWh
Ved og treavfall	1 m3 fast mål	2330 kWh
Bioetanol	1 liter	5,5 kWh
Bioetanol	1 kg	7,4 kWh
Biodiesel	1 liter	8,6 kWh
Biodiesel	1 kg	10,2 kWh
Biogass	1 kg	2,8 kWh

Føremålet med skjemaet

Føremålet med skjema 35A er å innhente data om energibruken i kommunale føremålsbygg. Dette er nødvendig styringsinformasjon i samband med arbeidet kommunane gjer innafør klima- og energiplanlegging. Rapporteringa er sett i verk fordi ei samla oversikt over eigen energibruk i kommunane ikkje er tilgjengeleg frå andre datakjelder.

Rettleiing

Rapporteringa av energibruk i skjema 35A gjeld for den parten av arealet som rapporterast i skjema 34A som kommunen eig (sjå <http://www.ssb.no/innrapportering/offentlig-sektor/attachment/204303?ts=1497a9693e8>).

Energibruk i lokalar som kommunen leiger, skal *ikkje* rapporterast.

Energibruk til andre føremål enn dei som er oppførte på skjemaet, skal *ikkje* rapporterast.

Lokalar som leiges ut til private aktørar, skal *ikkje* rapporterast.

Lokalar som mellombels ikkje er i aktiv bruk, førast på føremålet dei tidlegare har vore brukt til.

Dersom kommunen ikkje har fullstendige opplysningar om energibruken for det eigde arealet, ber vi om at dette blir berekna, slik at det blir samsvar mellom rapporteringa av energibruk i skjema 35A og eigd areal i skjema 34A.

Energibruken skal fordelast på desse føremåla:

Funksjon 130 Administrasjonslokale
Funksjon 221 Førskolelokale
Funksjon 222 Skolelokale
Funksjon 261 Institusjonslokale
Funksjon 381 Kommunale idrettsbygg

Funksjon 386 Kommunale kulturbygg

(For kva som inngår i dei ulike funksjonane, sjå KOSTRA-rettleiinga her: <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommuneokonomi/kostra/regnskapsrapporteringen/id551573/>).

Tala skal gjelde *brutto tilført energi* av dei ulike energivarene, målt i kWh. Dette kan avvike frå det som er kjøpt inn eller betalt for i gjennom året pga. lagerendringar eller forskotts- eller etterskottsbetaling. Det betyr òg at ein *ikkje* skal korrigere forbrukstala i høve til utnyttingsgraden (verknadsgraden) eller unormalt forbruk pga. temperaturavvik frå normalen.

Alt energiforbruk skal plasserast på energitypane som er oppgitt i skjemaet. ”Gratisvarme” frå varmepumper, solfangarar og liknande skal ikkje rapporterast, men energien (vanlegvis elektrisitet) som blir brukt til å drive slike varmekjelder skal rapporterast. Biogass skal førast som bioenergi, *ikkje* saman med naturgass.

Dersom kommunen har eit lokalt fjernvarmeanlegg (nærvarmeanlegg), skal energivareforbruket førast på energivarene som blir brukt til å drive anlegget dersom dette er tilgjengeleg. Da skal den distribuerte eller forbrukte fjernvarmen *ikkje* rapporterast. Dette gjeld òg for fjernkjøling.

Dersom bygningane blir brukt på fleire tenesteområde og det ikkje er mogleg å fordele energibruken på desse ut frå opplysningane som kommunen har om energiforbruket, skal forbruket fordelast på dei aktuelle tenesteområda etter skjøn.